

Føresegner for Vågafossen Settefisk, planid 1160-11-12

1. GENERELT

1.2 Reguleringsplanen består av planomtale, føresegner og plankart.

1.3 I samsvar med § 12-5 i plan- og bygningslova er areal innafor plangrensa regulert til:

§ 12-5 nr. 2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

- Kjøreveg
- Anna veggrunn - teknisk anlegg

§12-5 nr.5 Landbruks-, natur- og friluftsføremål

- Landbruksføremål
- Friluftsføremål

§ 12-5 nr. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

- Akvakultur
- Ferdsel
- Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

2. FELLESBESTEMMELSER

2.1 Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande reguleringsføresegner, er stadfesta, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtalar som er i strid med reguleringsplanen.

2.2 Dersom det under anleggsarbeid eller annan verksemd i planområdet vert gjort funn av automatisk freda kulturminne, må arbeidet stoppast og kulturminnemynde varslast, jf Lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

2.3 Tiltak som fell inn under hamne- og farvasslova skal godkjennast av hamnemyndigheita, som er kommunen.

2.4 Bustadar og fritidsbustadar som er utsette for støy skal skjermast etter gjeldande statlege planretningslinjer for industristøy, T-1442. Støy frå pumper eller andre støyande anlegg skal i størst mogleg grad byggjast inn i bygningsmassen, eventuelt leggjast under bakken. Tekniske installasjonar skal plasserast og utformast slik at dei gir minst mogleg støy, og eventuelt lydisolerast.

Støyande anleggsarbeid som sprenging og graving er berre tillat mellom kl.07 og kl. 21 på arbeidsdagar.

2.5 Det skal utarbeidast ein massehandteringsplan for akvakulturområdet AKV, saman med landbruksføremåla L1-5, dersom det massar skal lagrast og gjenbrukast innanfor desse områda. Det skal så godt det lar seg gjera søkast å oppnå massebalanse innanfor planområdet. Massar som ikkje vert nytta innanfor planområdet skal transporterast bort til godkjend lagringsplass, eller til godkjende tiltak der ein kan dokumentera at massane er reine. Matjord skal takast vare på og brukast til jordforbetring/dyrkingstiltak i jordbruksområde lokalt.

3. SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

3.1 KJØREVEG, KV

3.1.1 Private kjørevegar til anlegget er vist i plankart. Kjørevegar er 5 m brei og med 0,5 m vegskulder på kvar side.

3.2 ANNA VEGGRUNN - TEKNISK ANLEGG, AVT

3.2.1 Grøfter, skråningar, skjeringar, forstøttingsmur langsmed kjørevegar kan etablerast innanfor føremålet.

4. LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL

4.1 LANDBRUKSFØREMÅL, L

4.1.1 Områda skal nyttast til beite og landbruksføremål. Det kan gå landbruksveg gjennom områda.

4.2 FRILUFTSFØREMÅL, FL

4.2.1 Områda skal vere opne for ålmenta. Det kan opparbeidast enkle stiar i områda.

5. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

5.1 AKVAKULTUR, AKV

5.1.1 Området er avsett til akvakultur for eksisterande settefiskanlegg og utviding. I området kan det oppførast bygg for fiskeoppdrett med tilhøyrande anlegg og funksjonar.

5.1.2 Maks BYA = 80 %

5.1.3 Planeringskote er sett til minimum kote + 4,0. Kaianlegg kan etablerast lågare.

5.1.4 Maks mønehøgde for bygg er 24,0 m over planeringshøgde (28 moh).
Maks mønehøgde for bygg i føresegningsområde #1 er 11,0 m over planeringshøgde (15 moh).

5.1.5 Det skal nyttast refleksjonshemmande material på tak av alle nybygg. Det kan førast opp solcelleanlegg på alle takflater.

5.1.6 Det skal i byggesøknad lagast situasjonsplan som syner tilkomst, parkering, plassering, høgde og utforming av bygg og anlegg. Farge- og materialval på bygningar skal ta omsyn til omgivnadane.

5.1.7 Høge skjeringar i terrenget skal sikrast med sikringsgjerde.

5.1.8 Kaianlegg må dimensjonerast for å tole bølgepåverknad.

5.1.9 Ubebygde areal og utelager må gjevast ei tiltalende form og utsjånad.

5.1.10 Det kan tillatast endringar på røyrdimensjonar og på demning langs elvetraseen, så lenge dei er i samsvar med konsesjonsvedtak frå NVE.

5.2 FERDSEL, FE

5.2.1 Ferdelsområde for aktivitetar knytt til akvakulturområdet. Det er tillate med utslepps- og inntaksleidningar i sjø i område.

5.2.2 Området kan nyttast til fiske, så lenge dette ikkje er til hinder for tilkomsten til akvakulturområdet.

5.3 FRILUFTSOMRÅDE I SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE, FLVS

5.3.1 Bekk skal leggst om til avsett område. Bekken skal ligge open og skal berre leggst i kulvert/røyr ved kryssing av landbruksveg. Stikkrenner/kulvertar må ta høgde for klimaendringar.

6. OMSYNSSONER

6.1 FRISIKT, H140

6.1.1 Det skal ikkje etablerast byggverk (murar eller liknande) over 0,5 m, eller plantast høgare vegetasjon i frisiktsona. Det skal vera fri sikt over ei høgd tilsvarande 0,5 m over tilstøytande vegars plan. Areal som ligg høgare skal planerast ned til 0,5 m.

6.2 RAS- OG SKREDFARE, H310

6.2.1 Områda er omfatta av aktsemdsone for ras- og skredfare. Det skal ikkje førast opp bygningar innanfor områda utan at det føreligg fagleg utgreiing som syner at området er sikkert.

7. FØRESEGNSSOMRÅDE, #1

7.1 Maks mønehøgde for bygg i føresegnssområde #1 er 11,0 m over planeringshøgde (15 moh).

8. MIDLERTIDIG BYGGE- OG ANLEGGSSOMRÅDE, #2 OG #3

8.1 Midlertidig bygge- og anleggsområde #2 og #3 er mellombels anleggsbelte i samband med omlegging av veg, og områda kan nyttast til massedeponi og skråningar. Jordmassar i området skal takast vare på og leggst tilbake etter at områda er fylt ut slik at områda etterpå kan nyttast til beite.

9. REKKJEFØLGEKRAV

9.1 Utbetring av vegtilkomst til anlegget skal ikkje føra til stenging av vegen over lengre tid. Hytteeigarar og grunneigarar skal kunne komme til båthamna og sine respektive eigedomar når dei måtte ynskja det.

9.2 Før det vert gjeve bruksløyve for nye bygningar innanfor det utvida området for akvakultur, skal vegen KV1 vere opparbeidd i samsvar med plankartet. Utforming av kryss skal vere i samsvar med gjeldande krav, og godkjennast av vegmynde for fylkesvegen.

9.3 Før det vert gjeve igangsettingsløyve for sprengingsarbeid ved eksisterande felles avløpsanlegg for hyttefeltet, så må dette avløpet vere sikra med godkjent ny løysing.

9.4 Før tilkomstveg til sjø aust for dagens settefiskanlegg vert fjerna, skal ny sti med maks breidde 1 m gjennom friluftsføremål (FL), vera opparbeidd.

Vedteke 17.04.12, kommunestyret, Vindafjord kommune

Rev. 20.08.2018 Vindafjord kommune - mindre endring

Rev. 16.10.2019 Vindafjord kommune - mindre endring

Rev. 28.02.2023 Vindafjord kommune - planendring